



1	Innleiing.....	3
1.1	Kva som forventast før søknad om teneste	3
1.2	Omsorgstrappa	4
1.3	Generell beskriving av kommunale helse- og omsorgstenester	4
1.3.1	Formål med tenestene	4
1.3.2	Kva som forventast av søker/partsrepresentant.....	4
1.3.3	Korleis søke om tenester?	5
1.3.4	Kva kan forventast av kommunen	5
1.3.5	Betaling for tenestene	6
2	Tenester.....	7
2.1	Avlastning barn i heildøgnsbemanna bustad	7
2.2	Avlastning i institusjon	9
2.3	Avlastning utanfor institusjon.....	10
2.4	Bustadar.....	12
2.4.1	Omsorgsbustad med heildøgnsbemannning.....	12
2.4.2	Omsorgsbustad utan personalbase - Hadartun	14
2.5	Dagtilbod.....	16
2.5.1	Dagsenter for eldre heimebuande og demente	16
2.5.2	Dagaktivitetstilbod/sysselsetting til personar med funksjonsnedsetting	18
2.5.3	Dagaktivitetstilbod til personar med psykisk helse og/eller rusutfordring	20
2.6	Dag- eller nattopphald i institusjon.....	21
2.7	Følgjekort	22
2.8	Helsetenester i heimen (heimesjukepleie)	23
2.9	Individuell plan og koordinator	27
2.10	Korttidsopphald i institusjon	29
2.11	Kreftkoordinator.....	32
2.12	Langtidsopphald i institusjon	33
2.13	Matombering/fullkost	35
2.14	Omsorgsstønad.....	36
2.15	Personleg assistanse	38
2.15.1	Praktisk bistand - daglege gjeremål (heimehjelp).....	38
2.15.2	Praktisk bistand - opplæring; daglege gjeremål (målretta miljørarbeid)	41
2.15.3	Praktisk bistand - brukarstyrt personleg assistanse (BPA)	42
2.16	Rehabilitering i institusjon.....	44
2.17	Psykisk helse og rus.....	46
2.18	Støttekontakt.....	48



2.19 Tryggleiksalarm.....	50
2.20 Velferdsteknologi.....	52
2.21 KAD (kommunalt akutt døgnopphald).....	55



1 Innleiing

Kvalitetsstandarden gir informasjon om helse- og omsorgstenester som ytast av Hareid kommune.

Beskrivinga skal bidra til å skape forståing for kriteria for å kunne bli tildelt tenester og kva innhald tenestene kan ha. Bakgrunnen for dette er krav frå nasjonale myndigheter, lover og forskrifter, politiske rammevilkår og definerte mål.

Kriteria leggast til grunn ved den faglege, skjønnsmessige og individuelle vurdering av den enkelte søknad. Ved eventuell tildeling av tenester kan kommunen velje omfang og form for den enkelte søker.

Beskrivinga omfattar det som er overordna og felles for alle tenestene, i tillegg til særeigne forhold som gjeld for dei enkelte tenestene:

- lovgrunnlag for tenestene
- definisjon av tenestene
- formål med tenestene
- kriteria for å få tildelt tenestene
- andre opplysningar
- betaling for tenestene

Beskrivinga omfattar dei tenester kommunen yter som er lovpålagde, samt enkelte ikkje-lovpålagde tenester. Informasjonen finn du på heimesida til Hareid kommune.

Kvalitetsstandarden vert vedteke politisk for kvar kommunestyreperiode.
Mindre justeringar gjerast administrativt.

1.1 Kva som forventast før søknad om teneste


- Ha fokus på meistring og eigenomsorg
- Alle har ansvar for eige liv: innhente informasjon, råd og planlegge ut frå eigen livssituasjon
- Tilrettelegging i eksisterande bustad eller bytte av bustad
- Nyte aktivt eigen familie og nettverk
- Nyte tilbod i regi av frivillige, lag og organisasjoner
- Bestille varer og tenester privat (lista er ikkje uttømmande)
 - daglegvarer
 - middagslevering
 - følge til aktivitetar/avtale
 - transport
 - reingjering
 - hagestell
 - Snømåking/brøyting
- Apotekavtale for levering av apotekvarer; multidose, inkontinensutstyr med meir
- Innkjøp av meistringsteknologi som er allment tilgjengeleg, for eksempel robotstøvsuger og GPS-klokke
- Innkjøp av hensiktsmessig inventar, for eksempel regulerbar stol og seng



1.2 Omsorgstrappa

Omsorgstrappa er ein rettleiar for helse- og omsorgstenestetilbodet.

Den beskriv korleis aukande behov hjå den einskilde vert møtt med aukande tenestetilbod.
Omsorgstrappa byggjer på LEON-prinsippet om tenester på lavast effektive omsorgsnivå.



1.3 Generell beskriving av kommunale helse- og omsorgstenester

Kommunen yt både lovpålagde- og enkelte ikkje lovpålagde tenester. Særeigne forhold omtalast i den enkelte beskriving. Vedtak skal som hovudregel vere tidsavgrensa.

1.3.1 Formål med tenestene

Planverk i Hareid kommune definerer overordna mål for helse- og omsorgstenestene.

[Helse og omsorgsplan 2022 -2030](#)

1.3.2 Kva som forventast av søker/partsrepresentant

- Søknad om teneste sendast i så god tid som mogleg
- Søker definerer kven som er nærmeste pårørande/fullmektig/verje
- Eventuelle nødvendige samtykke og fullmakt må sendast inn saman med søknaden
- Utfører dei oppgåvane søker klarer sjølv
- Gjer seg kjend med innhaldet i vedtak, informasjonsskriv eller avtaler. Tenester som ikkje nyttast som vedteke, vil som hovudregel bli avslutta.
- Deltek i utforming av eigne planar og avtaler så langt mogleg for å sikre eigen medverking og innflytelse



- Yter en eigeninnsats ved å følge avtaler for å nå sine målsetjingar så langt mogleg
- Gir beskjed dersom søker ikke er heime til avtalt tid
- Møter til avtalt time
- Avbestiller drosje
- Avbestilling eller avslutning av tenesta gjerast i så god tid som mogleg
- Heimen skal vere utstyrt med naudsynt og tilpassa utstyr
- Når søker mottek tenester i heimen, blir dette automatisk tenesteytars arbeidsstad. Det forventast at søker bidreg til å skape ein god arbeidsstad for tenesteytar, sjå arbeidsmiljølova.
- Heimen må vere i en slik stand at tenesteutøvar kan utføre arbeidet. Dersom bustaden er særskild skitten, krevst at det blir utført rundvask før kommunal bistand settast inn. Dette må den enkelte søker sjølv sørge for
- Der det er hensiktsmessig eller naudsynt må søker vere open for/førebudd på utprøving/bruk av tryggheits- og meistringsteknologi for naudsynt bistand.
- Der det er naudsynt kan tenesteytar ta i bruk tekniske hjelpemidlar for å utøve nødvendig stell og pleie. Dette på bakgrunn av arbeidsmiljølov og HMS-arbeid retta mot den enkelte tilsette.
- Nødvendig ommøblering og fjerning av tepper må aksepteras
- Det er ei forutsetning at det ikkje røykast medan tenesteytar er på besøk, og at det eventuelt luftast ut på førehånd
- Søker som har husdyr må sørge for at desse ikkje er til sjenanse for tenesteytar
- Det må sør gast for at tilkomst til bustad er framkomeleg og trygg uavhengig av årstid
- Det må vere belysning utandørs og innandørs slik at det er lett å finne fram
- Bustad må vere godt merka med husnummer og namn
- Tek kontakt med renovasjonsselskap for bistand med soppeldunk
- Tek kontakt med posten for plassering av postkasse ved inngangsdør
- Tenestene vil ikkje bli utført i situasjonar der søker eller andre i bustaden viser truande eller valdeleg åtferd. Tenesteytar vil melde frå til annan instans (eks. lege, spesialisthelsetenestene eller politiet) dersom det vurderast at det er behov for det.

1.3.3 Korleis søker om tenester?

Det søker om tenester på følgande måte:

- digitalt søknadsskjema for helse- og omsorgstenester via kommunen si heimeside
- papirsøknad for dei som ikkje kan nyte seg av digital søknad

Det kan søker digitalt på vegne av andre når det er gjeve skriftleg samtykke til det. Søknad kan kome frå pårørande, lege, spesialisthelsetenestene eller anna helseinstans. Kommunen kan kontakte søker for å bekrefte dette ved behov.

Klage på helse- og omsorgstenester sendast til kommunen. Dersom klagen ikkje fører fram, blir den oversendt til statsforvaltaren for endeleg avgjerd. Det er administrasjonen i sektor for velferd som tek i mot og handsamar søknad/klage om helse- og omsorgstenester.

1.3.4 Kva kan forventast av kommunen

- Heimesida er oppdatert med informasjon
- Det vil bli gitt informasjon om tenesta og/eller frivillig tilbod
- Det vil bli gitt informasjon om og rettleiding til å søker om tenester
- Sakshandsaminga er i tråd med gjeldande lover og regelverk
- Individuell og heilsakapleg vurdering av funksjon og bistandsbehov i samråd med søker og eventuelt fullmektig, verje eller nærmeste pårørande.



- Det fattast vedtak/avgjerd som er klare og tydelege, slik at ein lett forstå kva som er innvilga/avslått
- Vedtak/avgjerd om enkelte tenester er tidsavgrensa.
- Handsamar klagar på vedtak/avgjersler og tenesteyting
- Handsamar bekymringsmeldingar
- Det ytast naudsynte og forsvarlege tenester etter individuell kartlegging
- For best mogleg å styrke søkerjars meistring kan tenestene omfatte informasjon, støtte, rettleiing og opplæring
- Tenesta ytast slik det kjem fram av vedtak eller avtale
- Tenesteytarane legitimerer seg ved oppmøte
- Tenesteytarane samarbeider tverrfagleg ved behov
- Den enkelte sitt behov for tenester blir fortløpende evaluert
- Søkjar skal få beskjed i så god tid som mogleg dersom avtalar må endrast
- I forbindelse med høgtider og ferieavvikling kan det bli endring av faste rutinar
- Søkjar eller søkerjars personlege utstyr skal ikkje transporterast i tenesteytars private bil

1.3.5 Betaling for tenestene

Det kjem fram i den enkelte tenesteskildringa, på kommunen sine heimesider og i vedtaket om det er eigenbetaling for tenesta.



2 Tenester

2.1 Avlastning barn i heildøgnsbemanna bustad

Type teneste	Avlastning barn – heildøgnsbemanna bustad
Lovgrunnlag	Lov om helse- og omsorgstjenester § 3-6 første ledd punkt 2 Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 bokstav a
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 7: avlastning utanfor institusjon IPLOS-tenestetype 8: avlastning i institusjon
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	Hindre overbelastning, gje omsorgsytar nødvendig fritid og ferie og mogelegheit til å ta del i vanlege samfunnsaktivitetar. Samarbeid med heim om tilrettelagd opplæring.
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none">Føresette og familiær som har eit særleg tyngjande omsorgsarbeidOmsorgsbehovet er av ein slik art at det gjev avgrensa moglegheit til nødvendig og regelmessig ferie/fritid for omsorgsytarenOmsorgsbehovet er av fysisk, psykisk eller sosial karakter, og langt større enn det som er normalt å forvente ut frå barnet sin alder
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">Avlastning kan skje i heimen til barnet, i anna privat heim eller bustad som sektor for velferd disponerer til avlastningTildeling av avlastning vert vurdert opp mot andre tenester og tiltak frå kommunenAvlastningstilbodet gjeld i utgangspunktet ikkje på høgtidsdagarVed behov for avlastning utover det som ligg i vedtaket må føresette søkje særskild om dette. Til dømes feriestengd SFO/skule eller barnehage.Sommaravlastning søker fortinnsvis om innan 15.03 kvart årBarnet må ha med naudsynt personleg utstyr, klede, sko, medisinar, hjelpemiddel med meir når dei skal på avlastning
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">Opptrer på ein respektfull måte ovanfor barn og foreldreUtarbeider tidfesta plan for avlastningUtpicker kontaktperson eller primærkontakt til barnet
Tenesta inkluderer ikkje	<ul style="list-style-type: none">Utgifter til aktivitetar som til dømes bowling, kino, bading. Det kan difor vere greitt at barnet har med litt «lommepengar» for å ha høve til å delta på slike aktivitetar i samband med avlastning.



Forventningar til tenestemottakar/føresette	<ul style="list-style-type: none">• Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket• Sørger for transport til/frå avlastning (om ikkje anna er avtalt med tenesteytar), inkludert transport av nødvendig utstyr• Gjev beskjed så snart som råd dersom barnet ikkje kjem til avtalt tid
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



2.2 Avlastning i institusjon

Type teneste	Avlastning i institusjon
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2 Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 bokstav a
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 8: avlastning i institusjon.
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling
Mål for tenesta	Avlaste personar og familiær som har eit særleg tyngjande omsorgsarbeid slik at den omsorgstrengande kan bu lengst mogleg i eigen heim.
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> At pårørande har eit særleg tyngjande omsorgsarbeid At omsorgsbehovet er av ein slik art at det gjev avgrensa moglegheit til nødvendig og regelmessig ferie/fritid for omsorgsytaren Den omsorgstrengande kan ikkje vere åleine heile eller delar av døgnet Omsorgsbehovet må vere omfattande og av fysisk, psykisk eller sosial karakter
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> Avlastning er tidsavgrensa Den som skal på avlastningsopphald vert oppmoda til å ha med seg nødvendig personleg utstyr, medisin/multidose, tekniske hjelpemiddel og medisinsk forbruksmateriell Omfang og innhald av tenesta vert individuelt tilpassa etter avtale med tenestemottakar. Kommunen har høve til å avgrense tilbodet etter faglege vurderingar Tenestemottakar er ansvarleg for transport til/frå avlastningsopphaldet Dersom tenestemottakar er avhengig av å reise med drosje til/frå avlastningsopphaldet kan det bestillast transport via Pasientreiser. Helsepersonell kan hjelpe til å bestille Tenestemottakar må sjølv betale for aktivitetar som ikkje skjer i regi av institusjonen
Tenesta inkluderer ikkje	<ul style="list-style-type: none"> Utgreiling, behandling eller rehabilitering Oppfølging frå sjukeheimslege. Ved behov for lege må fastlege eller legevakts nyttast og betalast av tenestemottakar Vask av private kle
Forventningar til tenesteytar	<p>Opptrer på ein respektfull måte</p> <ul style="list-style-type: none"> Legg til rette for at tenestemottakar får pleie og omsorg som støttar opp under eigenomsorg og eigne ressursar
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none"> Har med seg naudsynte medisinar og forbruksmateriell Opptrer på ein respektfull måte overfor tilsette og medpasientar Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket Utfører sjølv det han/ho meistrar av daglege aktivitetar Sørgjer for at private klede er merka med namn
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



2.3 Avlastning utanfor institusjon

Type teneste	Avlastning utanfor institusjon
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2 Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 bokstav a
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 7: avlastning utanfor institusjon
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	Avlaste personar og familiar som har eit særleg tyngjande omsorgsarbeid slik at den omsorgstrengande kan bu lengst mogleg i eigen heim.
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none">At pårørende har eit særleg tyngande omsorgsarbeidAt omsorgsbehovet er av ein slik art at det gjev avgrensa moglegheit til nødvendig og regelmessig ferie/fritid for omsorgsytarenDen omsorgstrengande kan ikkje vere åleine heile eller delar av døgnetOmsorgsbehovet må vere omfattande og av fysisk, psykisk eller sosial karakter
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">Avlastning er tidsavgrensaDen som skal på avlastningsopphald vert oppmoda til å ha med seg nødvendig personleg utstyr, medisin/multidose, tekniske hjelpemiddel og medisinsk forbruksmateriellOmfang og innhald av tenesta vert individuelt tilpassa etter avtale med tenestemottakar. Kommunen har høve til å avgrense tilbodet etter faglege vurderingarTenestemottakar er ansvarleg for transport til/frå avlastningsopphaldetDersom tenestemottakar er avhengig av å reise med drosje til/frå avlastningsopphaldet kan det bestillast transport via Pasientreiser. Helsepersonell kan hjelpe til å bestilleTenestemottakar må sjølv betale for aktivitetar som ikkje skjer i regi av institusjonen
Tenesta inkluderer ikkje	<ul style="list-style-type: none">Utgreiing, behandling eller rehabiliteringOppfølging frå sjukeheimslege. Ved behov for lege må fastlege eller legevakts nyttast og betalast av tenestemottakarVask av private kle
Forventningar til tenesteytar	Opptrer på ein respektfull måte <ul style="list-style-type: none">Legg til rette for at tenestemottakar får pleie og omsorg som stettar opp under eigenomsorg og eigne ressursar
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">Har med seg naudsynte medisinar og forbruksmateriellOpptrer på ein respektfull måte overfor tilsette og medpasientar



	<ul style="list-style-type: none">• Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket• Utfører sjølv det han/ho meistrar av daglege aktivitetar• Sørgjer for at private klede er merka med namn
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



2.4 Bustadar

Hareid kommune manglar per i dag tilbod om barnebustad.

2.4.1 Omsorgsbustad med heildøgnsbemannning

Type teneste	Bustad med heildøgnsbemannning – bu og habiliteringstenesta
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2 bokstav a Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 bokstav a
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype: 13 anna bustad nytta til pleieføremål.
Kostnad	Bebuar inngår husleigekontrakt og betalar husleige og straum til kommunen
Mål for tenesta	Å kunne huse bebuarar med nedsett funksjonsnivå slik at desse kan ha eit mest mogleg sjølvstendig liv.
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none">Personar med fysisk, psykisk eller sosialt funksjonstap med behov for tilsyn/omsorg heile eller delar av døgnet
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">Kommunen har heildøgns bemanna bustadar knytt til bu- og habiliteringstenesta.Kan vere ulike kriteria som ligg til grunn for tildeling av desse bustadaneSøkjar kan ikkje søke på ein bestemt bustad etter lokalisering. Kommunen tildeler den bustad som er ledig og stettar behova til søkerenDersom ein takkar nei til tildelt bustad, vert saka avslutta og det må søkast på nytt dersom behovet endrar segLeigeforholdet vert regulert av husleigelovaLeigetakar kan søkje bustønad hjå husbankenLeigetakar må sjølv møblere bustaden og ha eiga innbuforsikringTenestemottakar må sjølv melde flytting til folkeregisteret, posten med meir
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none">Dagleg vedlikehald som reinhald, skifte lyspærer, opne tette slukar og liknande som er knytt til normal slitasje/forbruk er eit privat ansvarNedvask av bustad
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">Tenesteytar opptrer respektfullt i møte med tenestemottakarVidareformidle meldingar om feil eller manglar ved bygget til eigedom og FDV via famac (avvikssystem)



Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Opptrer respektfullt i møte med tenesteytar• Deltek i dagleglivet sine gjeremål i den grad vedkomande klarar det• Søker om tenester i bustaden som til dømes matombering• Gjer seg kjend med vedtak• Bebuar seier opp bustad ved opphøyrs. Bebuar/pårørende har ansvar for utflytting og nedvask av bustaden. Husleige skal betalast til den 15. ved utflytting første halvdel av månaden og for heile månaden ved utflytting i siste halvdel.• Utflytting og nedvask vert gjort snarast råd etter at leigebehovet er avslutta
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



2.4.2 Omsorgsbustad utan personalbase - Hadartun

Type teneste	Omsorgsbustad utan personalbase – Hadartun
Lovgrunnlag	<p>Forvaltningsloven §§ 2 bokstav a og 28 Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 bokstav Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2</p>
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2
IPLOS-registrering	<p>Ja. IPLOS-tenestetype 12: omsorgsbustad IPLOS-tenestetype 13: anna bustad nytta til pleieføremål</p>
Kostnad	Bebuar som er tildelt teneste 12 inngår husleigekontrakt med sektor for kommunale bygg og betaler husleige og straum. Kostnadar for andre tenester som praktisk bistand, tryggleksalarm og fullkost kjem i tillegg.
Mål for tenesta	Omsorgsbustad skal bidra til at bebuaren kan vere mest mogleg sjølvstendig og trygg i eigen bustad. Offentleg teneste er lett tilgjengeleg. Tildeling skjer etter LEON-prinsippet .
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> Søkjar treng særskild tilrettelagd bustad og er ikkje i stand til å skaffe dette sjølv eller få hjelp til dette med andre. Helsemessige, økonomiske, psykiske eller sosiale forhold må ligge til grunn for tilbod om omsorgsbustad gjennom kommunen. Andre tiltak i søkjar sin heim har vore utprøvd.
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> Kommunen har 30 omsorgsbustader, der 28 vert nytta til utleige og to til tidsavgrensa opphold. Leigetakar får ikkje automatisk tildelt andre tenester og må søkje på lik linje med andre heimebuande. Tildeling av andre tenester vert gjort ut frå individuelle vurderingar. <p>Særskild for omsorgsbustader:</p> <ul style="list-style-type: none"> Ved tildeling av omsorgsbustad vert det inngått husleigekontrakt med Hareid kommune, kommunal eide Leigeforholdet vert regulert av Husleigelova Husleigesats er per dags dato 34,5% av brutto inntekt eller maksimum kr 7.930 og skal betalast innan den 20. kvar månaden Leigetakar kan søkje bustønad hjå Husbanken. Søknad om stønad vert sendt saman med signert leigekontrakt til utleigearansvarleg, kommunal eide Søkjar kan ikkje søkje på ein bestemt bustad etter lokalisering. Kommunen tildeler den bustaden som er ledig og som stettar behova til søkjar Takkar ein ja til tildelt bustad må kontrakt signerast innan to veker. Takkar ein nei til tildelt bustad vert saka avslutta og det må søkjast på nytt dersom behovet endrar seg Tenestemottakar må sjølv møblere bustaden og ha eiga innbuforsikring



	<ul style="list-style-type: none">○ Bebruar som ikkje greier å vaske opp for hand vert oppmoda om å skaffe oppvaskmaskin for benk○ Tenestemottakar må sjølv melde flytting til folkeregisteret, posten med meir. <p>Særskild for tidsavgrensa opphold:</p> <ul style="list-style-type: none">○ Lengde på tidsavgrensa opphold vert regulert gjennom individuell vurdering og enkeltvedtak○ Opphaldet kan verte gitt som betalingsopphold eller avlastningsopphold (gratis) ut frå kommunale individuelle vurderinger○ Opphold kan gis til heimebuande med kronisk eller akutt funksjonstap der det ikkje er behov for sjukeheim eller sjukehusopphold○ Kan gis til pasientar som eit mellomledd til heim etter utskriving frå sjukeheim eller sjukehus
Tenesta inkluderer ikkje	<ul style="list-style-type: none">• Dagleg vedlikehald som reinhald, skifte lyspærer, opne tette slukar og liknande som er knytt til normal slitasje/forbruk er eit privat ansvar for omsorgsbustader med langtidsleige.
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Helsetenestene kan vidareformidle meldingar om feil eller manglar ved bustaden til kommunal eigedom.
Forventningar til tenestemottaka	<ul style="list-style-type: none">• Opptrer respektfullt i møte med tenesteytar og medbebuarar• Deltek i daglege gjeremål i den grad vedkomande klarar det• Søker om tenester i bustaden, som til dømes heimesjukepleie, matombering og praktisk bistand (heimehjelp)• Gjer seg kjend med vedtaket• Har gjort nødvendige utbetingar av eigen bustad før ein søker omsorgsbustad• Har vurdert å kjøpe eller leige funksjonell bustad på den private marknaden, men at dette ikkje har ført fram• Bebruar eller pårørande seier skriftleg opp bustad ved opphør og tek ansvar for nedvask ved utflytting. Oppseiing sendast til kommunal eigedom• Gjev beskjed til heimeteneste/ kommunal eigedom dersom ein oppdagar manglar eller skade på husværet• Gjev beskjed til heimetenestene dersom ein reiser bort ei periode
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



2.5 Dagtilbod

2.5.1 Dagsenter for eldre heimebuande og demente

Type teneste	Dagsenter for eldre heimebuande og demente
Lovgrunnlag	Tilboden er ikkje heimla i lov, med unntak av dagtilbod for heimebuande personar med demens som er heimla i Lov om helse- og omsorgstenester § 3-2 første ledd punkt 7
Rett til klage	Lov om pasient- og brukarrettigheiter § 7-2
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 4: dagaktivitetstilbod.
Kostnad	Det er krav om eigenbetaling etter gjeldande satsar fastsett av kommunestyret.
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none">Bidra til at eldre heimebuande får ein meiningsfull kvardag og kan bu heime lengst moglegFørebygge behov for omfattande tenester i heimen eller institusjonsplassGje tenestemottakar eit rikt, variert og meiningsfullt aktivitetstilbodFremje god helse gjennom aktivitet
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none">Eigen familie og nettverk ikkje kan nyttast aktivtTilbod i regi av frivillige, lag og organisasjonar ikkje kan nyttastFunksjonssvikt som gjer at søker kan ha nytte av eit tilbod på dagsenteret.Må kunne nyttiggjere seg av tilboden og kunne fungere i ei gruppe slik at aktivitetane bidreg til å vedlikehalde funksjonsnivået <p>Særskilt om dagtilbod til personar med demens:</p> <ul style="list-style-type: none">Mottakar må ha ein viss fysisk funksjonMottakar må ha ein demensdiagnose, eller vere under utgreiing for demens
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">Måndag og onsdag: blanda grupper på dagsenteret frå klokka 10-15. Frukost, kaffe og middagBetaling følgjer kommunen sin vedteke sats, som er satt av kommunestyre.Tysdag klokka 10-13 mat og kaffe: grupper for personar med demensdiagnose. Gratis tilbod. Her er det også moglegheit for bebruarar på Hadartun omsorgsbustad å søkje om plass.Dagsturar kan ha ein eigenandelDagsenteret er stengd ei til to veker om sommaren og alle heilagdagarTenestemottakar kan få ein prøvedag før oppstart av teneste etter motteke og innvilga søknad. Prøvedagen er gratis og må vere på den vekedagen det er aktuelt å ha plass



	<ul style="list-style-type: none">• Dagsenteret arrangerer ulike temaveker og aktivitetar som følgjer årstidene/ høgtider. I tillegg til matlaging, musikk, konsertar og ulike handverkstema.• Dagsenteret har som mål å tilby fysisk aktivitet kvar dag t.d. trim, turar, sitteddans, styrke og balansetrening• <i>Vi kan tilby gratis transport i bil som kommunen disponerer til og frå dagsenteret, men dette kan bli endra. Brukaren vil då få varsel seinast 14 dagar før endringa trer i kraft.</i>
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Opptrer respektfullt i møte med tenestemottakar
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• At det vert gitt beskjed så snart som råd om vedkomande ikkje kan delta på dagtilbodet• Tek med nødvendig medisin og hjelpemiddel• Ansvar for forsvarleg tilkomst til bustaden dersom du nytter transportteneste frå kommunen. Til dømes brøyting/strøing på vinterstid
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



2.5.2 Dagaktivitetstilbod/sysselsetting til personar med funksjonsnedsetting

Type teneste	Dagaktivitetstilbod til personar med funksjonsnedsetting
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2 første ledd punkt 6 bokstav b Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 bokstav a.
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 4: dagaktivitetstilbod
Kostnad	Tenestemottakar betalar kostpengar.
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none">Gje trivsel og hjelp til å kunne delta med samfunnsnyttig arbeid/aktivitet ut frå eigen føresetnadHa ein strukturer og meiningsfull kvardagVere deltakar i ein sosial samanhengIvareta behov for fysisk aktivitet og sansestimulering
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none">Tenesta er eit tilbod til personar over 16 år som har medfødt eller erverva skade – frå lettare grad til multifunksjonsnedsetting og som av ulike årsaker ikkje kan delta i vanleg arbeidslivBrukar har behov for å auke evne til eigenomsorg – fysisk, psykisk og/eller sosialtBrukar har behov for rettleiing, trening, aktivisering og vedlikehald av ferdigheter
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">Dagaktivitetstilbod er eit tilpassa dagtilbod for menneske som bur i Hareid kommune og av ulike årsaker har funksjonsnedsettingDagtilboden er per i dag lokalisert på Floten-bygget og har namnet Hareid aktivitetssenter (HAS)Tilboden til brukarar av dagsenteret vert individuelt tilrettelagd ut frå den einskilde sine behov for aktivisering, trening og meistring. For mange er dagsenteret ein arbeidsplass der tilpassa arbeidsoppgåver gjev auka sjølvkjensle, glede og meinings i kvardagTenesta kan bli tildelt inntil fem dagar i veka, måndag – fredag 09:00 – 14:30 og onsdag/torsdag 18:30 – 20:30Dagsenteret er stengt tre veker om sommaren, alle heilagdagar, dagane mellom jul- og nyttårshelg og i påska.
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none">Følgje til fastlege/lege/tannhelseteneste eller spesialisthelsetenesta



Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Brukar vert møtt med respekt og forståing• Tilbodet vert tilrettelagt slik at den einskilde føler meistring i dei arbeidsoppgåvene dei gjer• Open dialog og tett samarbeid om utforming av tenesta til brukar
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Deltaking i eige tilbod• Oppmøte etter avtale• Det vert gitt beskjed dersom tenestemottakar ikkje kan møte opp/delta• Tek med seg nødvendig medisin og hjelpemiddel
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



2.5.3 Dagaktivitetstilbod til personar med psykisk helse og/eller rusutfordring

Type teneste	Dagaktivitetstilbod til personar med psykisk helse og/eller rusutfordring
Lovgrunnlag	Lov om helse- og omsorgstjenester § 3-3
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 4: dagaktivitetstilbod
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	Eit helsefremmende tiltak som skal bidra til auka sosial deltaking i eit fellesskap og nettverksbygging. Førebygge isolasjon samt motivere og gje hjelp og støtte til å meistre utfordringar i kvardagen.
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none">Fellesskapet dagaktivitetstilbod er eit lågterskelttilbod for menneske over 18 år som har psykiske vanskar/lidningar og eventuelt rusproblemTenestemottakar får tenesta ved tilvising frå lege, spesialisthelsetenesta eller ved å ta direkte kontakt med tenesta
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">Fellesskapet dagaktivitetstilbod held til i første etasje på Hadartun med eigen inngong ned mot sentrumOpningstid er måndag klokka 11.30–15.00Ved Fellesskapet møtast tenestemottakar i ei trygg og open atmosfære og driv ulike aktivitetar med dei ressursar de harFellesskapet er i stor grad brukarstyrt og brukarane er med å forme dagane sjølvTilbod om kreativ aktivitet, trim, friluftsaktivitet og lesegruppeDet kan vere aktuelt med eigenandel til utgift ved turar og felles lunsj.Tilbodet vil bli utvida med gruppetilbod, utanfor ordinær opningstid.
Oppgåver som tenesta ikke inkluderer	<ul style="list-style-type: none">Det er ikkje høve til kommunal transport til og frå tenestetilbodet
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">Opptrer respektfullt i møte med tenestemottakarar.Det er ikkje lov å ha med alkohol eller ulovlege rusmidlar på dagsenteret.
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">Opptrer respektfullt i møte med tenesteytarOpptrer respektfullt i møte med andre brukararTek med seg nødvendig medisin og hjelpemiddel
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



2.6 Dag- eller nattoppahald i institusjon

Type teneste	Dag- eller nattoppahald i institusjon
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse og omsorgstenester § 3-2 første ledd punkt 5 Lov om pasient- og brukar rettigheter § 2-1 andre ledd bokstav a
Rett til klage	Lov om pasient- og brukar rettigheter § 7-2
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 17: dagoppahald i institusjon IPLOS-tenestetype 22: nattoppahald i institusjon
Kostnad	Krav om eigenbetaling for dag- og nattoppahald. Sjå forskrift om eigenbetaling for kommunale helse- og omsorgstenester.
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none">Tilbod til heimebuande med omfattande hjelpebehov som ikkje kan dekkast i eigen heim eller av andre tenestetilbod
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none">Tenesta skal vere av førebyggande eller rehabiliterande/habiliterende karakter som til dømes:<ul style="list-style-type: none">Vedlikehalde fysiske, psykiske eller sosiale ferdigheterVere eit ledd i eit vurdering eller rehabiliteringsoppleggFørebygge einsemdFørebygge behov for omfattande heimeneste eller heildøgns omsorgsteneste
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">Tenesta inkluderer aktivisering, sosial stimulering og pleie og omsorg ved svekka funksjonsnivåDersom tenestemottakar er avhengig av å reise med drosje til/frå opphaldet kan det bestillast transport via pasientreiser. Helsepersonell kan hjelpe til å bestilleDen som tek i mot dag-/nattoppahald må ha med seg nødvendig personleg utstyr, medisin og hjelpemiddel
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none">Transport til og frå opphaldet
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">Tenesteytar skal opptre på ein respektfull måteLegge til rette for at tenestemottakar får pleie og omsorg som støttar opp under eigenomsorg og eigne ressursar
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">Opptrer på ein respektfull måte overfor tilsette og medpasientarGjere seg kjend med innhaldet i vedtaketBrukar utfører sjølv det han/ho meistrar
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



2.7 Følgjekort

Type teneste	Følgjekort
Lovgrunnlag	Dette er ikkje ei lovpålagd teneste.
Rett til klage	Nei.
IPLOS-registrering	Nei.
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	Motverke isolasjon og bidra til auka livskvalitet hjå menneske med nedsett funksjonsnivå.
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none">Brukaren har fysiske og/eller psykiske utfordringar som fører til at han/ho har behov for følgjeperson ved t.d. kinobesøk, kulturelle arrangement osv.
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">Det er servicetorg og politisk sekretariat som handsamar søknad og utstedar følgjekortFølgjekortet er eit dokument som er utforma som eit kort med bilet av brukaren. Kortet kan brukaren vise ved inngang til t.d. kino eller andre kulturelle arrangement då det kan gje følgjeperson gratis inngang eller reduksjon i prisFølgjekortet er tidsavgrensa til maksimalt 3 år
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">Det går fram av beviset om brukar har behov for ein eller to personar som følgje
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">Gjev nødvendige opplysningar i høve til søknad, inklusiv passfotoMå levere legeerklæring ilag med søknadenGjer seg kjend med korleis følgjekortet skal nyttastTek kontakt med kommunen ved endring i eigen situasjonSøkjer på nytt, inkludert nytt passfoto, før følgjekortet går ut på dato. Det står utløpsdato på kortet
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



2.8 Helsetenester i heimen (heimesjukepleie)

Type teneste	Heimesjukepleie
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2 første ledd punkt 6 Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 bokstav a
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 15: helsetenester i heimen
Kostnad	Det er ikke krav om eigenbetaling for tenesta.
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> Gje tenestetilbod på rett nivå ut fra individuell kartlegging av tenestemottakar sine behov Førebygge, behandle og legge til rette for meistring av sjukdom, skade, lidning og nedsett funksjonsevne Tenestemottakar klarer seg i eigen bustad med nødvendig hjelp Behov for plass på institusjon vert unngått eller utsett
Kriteria for tildeling	<p>Hjelp til å administrere legemiddel kan vere aktuelt dersom søker:</p> <ul style="list-style-type: none"> ikke er i stand til å ta hand om legemiddelhandteringen si sjølv på grunn av: <ul style="list-style-type: none"> nedsett minne/vurderingsevne stor nedsett funksjonsevne utfordringar med psykisk helse- og rus Ikkje kan nytte seg av multidose direkte frå apotek eller privat meistringsteknologi (relevante appar, elektronisk medisindispenser osb.) Nyttar legemiddel som ikkje kan givast ved multidose/elektronisk *medisindispenser Legemiddelliste må liggje føre frå lege/sjukehus før tenesta blir sett i verk. <p>Bistand til prøvetaking, undersøkingar, injeksjonar o.l kan vere aktuelt dersom:</p> <ul style="list-style-type: none"> Oppgåva ikkje kan utførast hos fastlege eller andre stader Søkjar ikkje er i stand til å kome seg til fastlege Oppgåva er forordna av lege. <p>Bistand til sårstell kan vere aktuelt dersom:</p> <ul style="list-style-type: none"> Søkjar ikkje er, eller kan setjast i stand til, å utføre dette sjølv Søkjar ikkje er i stand til å kome seg til fastlege Sårstellet ikkje kan utførast hos fastlege eller andre stader utanfor opningstid Det er fagleg grunngjeving for at sårstellet må utførast av helsepersonell i heimen



	<p>Bistand til:</p> <ul style="list-style-type: none">• Fagleg kartlegging, vurdering og oppfølging, mellom anna av ernæringsmessig risiko• Sjukepleiefaglege prosedyrar• Oppfølging etter utskriving frå institusjon i kommune eller spesialisthelseteneste• Opplæring til søker eller pårørande slik at kvar enkelt kan utføre heile eller delar av faglege prosedyrar sjølv (sårstell, *stomistell, prøvetaking, augedrying med meir) dersom det blir rekna som fagleg forsvarleg <p>Hjelp til personar med demens</p> <ul style="list-style-type: none">• Heimebesøk og samtale som førebyggjande effekt på det vidare sjukdomsforløpet og gi auka livskvalitet• Tidleg fange opp endringar i fysisk og psykisk helsetilstand slik at nødvendige tiltak kan setjast i verk• Systematisk samarbeid med pårørande. <p>Omsorg ved slutten av livet</p> <ul style="list-style-type: none">• Søkjars og pårørande sitt ønske for livsavslutninga skal så langt som mogleg bli imøtekome• Søkjar og pårørande skal kjenne tryggleik• Det blir avklart samhandling mellom behandlande sjukehus og/eller fastlege• Førehandssamtale og palliativ plan• Tilbod om smerte- og symptomlindrande behandling som forordna av lege• I somme tilfelle kan det i samråd med søker og pårørande bli vedteke å gi omsorga i institusjon på grunn av kapasitetsomsyn/fagleg forsvarleg <p>Tenesta er behovsprøvd og tidsavgrensa</p>
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">• Om nødvendig kan tenesta starte opp før søknad og formell sakshandsaming er på plass. Saka vert då handsama i etterkant dersom behovet varer meir enn 14 dagar• Heimesjukepleie er ei døgnteneste• Heimesjukepleia utfører oppgåver som brukar sjølv ikkje klarer, til dømes:<ul style="list-style-type: none">○ Hjelp til personleg hygiene (dusj kvar fjortande dag)○ Hjelp til toalettbesøk○ Hjelp til ernæring/tilrettelegging av frukost og kveldsmat der tenestemottakar av helsemessige årsaker ikkje kan ivaretake dette sjølv eller er i risiko for feil-



	<p>/underernæring. Det er mogleg å søkje om middagsombering.</p> <ul style="list-style-type: none">○ Legemiddelhandtering i form av multidose○ Medisinske vurderingar i samråd med lege, nødvendige observasjonar, rådgjeving og tilrettelegging i høve sjukdom og førebygging○ Opplæring og vedlikehald av ferdigheiter for å ivareta eiga helse○ Pleie av alvorleg sjuke og døyande i samråd med pårørande.○ Der brukar ikkje kan oppsøke legekontoret kan heimesjukepleia også gje anna hjelp t.d. sårstell, injeksjonar og blodprøver <ul style="list-style-type: none">● Hovudtyngda av bistand til å stå opp/personleg hygiene om morgonen vert gitt i tida 08:30 - 11.30● Hovudtyngda av bistand til personleg hygiene og legging på kveld vert gitt i tida 19.00 - 22.00● Alle som har helsetenester i heimen minst ein gong per veke i tre månader eller meir, har rett til gratis nødvendig tannbehandling frå den offentlege tannhelsetenesta jf. lov om tannhelsetenester● Dersom det oppstår akutte situasjonar i tenesta kan enkelte oppdrag bli utsett eller avlyst● Kvar enkelt oppdrag vert utført ut frå behov for fagkompetanse og kan verte ytt av både kvinner og menn● Ved akuttsjukdom ring 113 eller legevakt
Oppgåver som tenesta ikke inkluderer	<ul style="list-style-type: none">● Fylgje til lege og korttidsopphald på sjukeheim● Bestille eller syte for skyss/transport i bil, legetime, tannlegetime og sjukehustime● Handle mat-/daglegvarer● Tenester som kan utførast ved legesenter (sårstell, ta blodprøver, urinprøver, injeksjonar med meir)● Fysiske tilsyn vert som hovudregel ikkje utført utan at det ligg føre konkrete hjelpebehov
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">● Opptrer på ein respektfull måte i tenestemottakar sin heim● Gjer seg kjend med og utfører tiltak etter prosedyre● Gjev beskjed til tenestemottakar så snart som råd om avtalar må endrast● Bidreg til at tenestemottakar og pårørande sine ønsker for livet sine siste dagar vert imøtekome så langt som råd er● Skal ikkje handtere brukar sine kontantar eller bankkort
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">● Er til stades når tenesteytar kjem● Opptrer respektafullt i møte med tenesteytar.● Gje beskjed til heimetenesta dersom ein ikkje er heime til avtala tid



	<ul style="list-style-type: none">• Avtale hos fastlege, frisør eller andre type avtalar, bør ikkje leggast mellom klokka 08-11 på grunn av logistikk av kompetanse i heimesjukepleia.• Har flytande såpe og tørkerull tilgjengeleg for personalet til å utføre handhygiene• Gjere mest mogleg sjølv i den grad ein greier det• Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket• Der det blir rekna som formålstenleg eller nødvendig, skal søker vere open for/ førebudd på utprøving/ bruk av helse- og meistringsteknologi for å få nødvendig hjelp• Der det blir rekna som nødvendig, skal tenesteytar ta i bruk tekniske hjelpemiddel for å utøve nødvendige stell og pleie. Dette på bakgrunn av arbeidsmiljølov og HMS-arbeid retta mot kvar enkelt tilsett• Nødvendig ommøblering og fjerning av teppe må akseptera• Tenestemotakar må være open for ombygging av bustad eller vurdere om ein kan skaffe seg andre typer bustadar som kan være meir eigna for den livssituasjon tenestemottakaren finn seg i.• Være behjelpeleg med å skaffe eige utstyr som til dømes personvekt for vektkontroll.• Skaffe seg nøkkelboks/elektronisk dørlås og gje heimetenesta tilgang til nøkkel/kode dersom det er vanskeleg for tenestemottakar å opne døra sjølv• Heimen må vere i ein slik stand at tenesteutøvar kan utføre arbeidet. Dersom bustaden er særskitten krevst at det blir gjennomført rundvask før kommunal hjelp blir sett inn. Dette må kvar enkelt søker sørge for sjølv• Halde husdyr i trygg forvaring så lenge tenesteytar er i bustaden• Lufte bustaden før hjelp og halde bustaden røykfri så lenge tenesteytar er til stades.• Sørge for snømåking og strøing frå tilkomstveg og fram til inngangsdør.
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



2.9 Individuell plan og koordinator

Type teneste	Individuell plan og koordinator
Lovgrunnlag	Lov om helse- og omsorgstjenester §§ 3-1, 7-1, 7-2 og 7-3 Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-5 Forskrift om habilitering, rehabilitering og koordinator §16 Forskrift om individuell plan med ytelse av velferdstjenester §3
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2
IPLOS-registrering	Nei. Det elektroniske fagsystemet visma samspill vert nyttा.
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	At tenestemottakar opplever at tenestetilboda er meir samordna, og han/ho har ein fast kontaktperson i kommunen.
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none">Alle som har bruk for fleire og langvarige helse- og omsorgstenester kan få individuell plan og koordinator dersom dei ønsker detI vurderinga skal også tiltak frå andre sektorar takast medRetten til individuell plan er uavhengig av alder, diagnose og funksjon
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">Individuell plan er ein samanstilling av korleis tenestene ein person treng skal verke saman slik at vedkomande får ei heilskapleg oppfølging tilpassa sine behov. Individuell plan skal synleggjere mål og aktivitetar for brukar.Koordinator er ein av fagpersonane til tenestemottakar som koordinerer tenestene og sikrar framdrift i arbeidet med den individuelle planen til vedkomande. Ulike yrkesgrupper kan ha rolla som koordinator. Tenestemottakar sine ønskjer skal vektleggjast ved val av koordinator.Koordinator sørger for at tenestemottakar og eventuelt pårørande, vert involverte tett i arbeidet med planen.Barnekoordinator: Familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, og som vil ha behov for langvarige og samansette eller koordinerte helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester, har rett til barnekoordinator etter pasient- og brukerrettighetslova § 2-5 c.
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">Forventningar til dei som tildeler tenesta:<ul style="list-style-type: none">Informere om og tildele individuell plan og koordinator der dei ser det kan vere eit behov for dette



	<ul style="list-style-type: none">• Forventningar til koordinator:<ul style="list-style-type: none">○ Involvere tenestemottakar og utarbeide ein plan basert på måla til vedkomande○ Ha oversikt over situasjonen til tenestemottakar○ Bidra til at koordinerte tenester samarbeida○ Bidra til at tenestemottakar opplever at tenestene heng saman slik at vedkomande kan jobbe mot å nå måla sine
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Tenestemottakar/føresette skal vere ein aktiv part i utarbeiding av individuell plan• Vere deltakar i ansvarsgruppemøter• Gje tilstrekkeleg fritak frå teleplikta, for at fagpersonane kan samarbeide
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



2.10 Korttidsopphald i institusjon

Type teneste	Korttidsopphald i institusjon
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse og omsorgstenester § 3-2 første ledd punkt 6 bokstav c Lov om pasient- og brukar rettigheter § 2-1 andre ledd bokstav a
Rett til klage	Lov om pasient- og brukar rettigheter § 7-2
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 18: tidsavgrensa opphold: utgreiing og behandling IPLOS-tenestetype 20: tidsavgrensa opphold: anna
Kostnad	Det er krav om eigenbetaling for korttidsopphald i institusjon. Sjå forskrift om eigenbetaling for kommunale helse- og omsorgstenester
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none">Gje tilbod om heildøgns pleie- og omsorg i institusjon i ei tidsavgrensa periode der tenestemottakar har behov for behandling og/eller vanskar med å fungere i eigen heim med tilrettelagt hjelpFormålet med opphaldet er å kartlegge brukar sitt funksjonsnivå og evne til eigenomsorg, samt vurdere behovet for framtidige tenester for at brukar skal kunne halde fram med å bu i eigen bustad
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none">Tenestemottakar må ha eit tidsavgrensa behov for døgnkontinuerleg observasjon, oppfølging og behandlingBehov for terminalpleie og palliativ behandlingVed behov for observasjon og vurdering må det først avklarast med lege om behovet er av ei slik art at nødvendig helsehjelp må gis av spesialisthelsetenestaAndre relevante tiltak skal på førehand vere vurdert og/eller utprøvdPersonar med samtykkekompetanse må sjølv ønske tenestaTidsavgrensa opphold: Utgreiing og behandling:<ul style="list-style-type: none">Behov for tettare medisinsk og funksjonsmessig observasjon, oppfølging og behandlingVed utskriving frå sjukehus er det vurdert som ikkje hensiktsmessig å prøve heim før rett omsorgsnivå er kartlagt og vurdertOpphaldet må av sjukehuset vere avklart med tenestemottakarOpphaldet kan omfatte både utgreiing og behandlingSlikt opphold kan nyttast ved behov for avklaring av rett omsorgsnivå (t.d. etter søknad om sjukeheimspllass)



	<ul style="list-style-type: none">• Tidsavgrensa opphold: anna:<ul style="list-style-type: none">○ Gjeld andre opphold som verken er utgreiing/behandling, rehabilitering, avlasting eller augeblikkeleg hjelp-opphald
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">• Eigenbetalinga dekkjer kost, losji og legemiddel under opphaldet• Tenestemottakar får oppfølging frå sjukeheimslege ved behov• Tenestemottakar må ha med nødvendig personleg utstyr, klede og toalettsaker• Tenestemottakar må ha med tekniske hjelpemiddel dersom eininga ikkje har dette tilgjengeleg• Tenestemottakar er ansvarleg for transport til og frå korttidsophaldet• Dersom tenestemottakar er avhengig av å reise med drosje til/frå opphaldet kan det bestillast transport via pasientreiser. Helsepersonell kan hjelpe til å bestille• Tenester som ikkje er eit kommunalt ansvar, til dømes spesialisthelsetenesta, inkludert reise til og frå, må du betale eigenandel for• Pårørande skal som hovudregel følgje til kontrolltimar på sjukehus, tannlegetimar og liknande• Private kle kan vaskast her dersom dei er merka• Det kan gjennomførast heimebesøk tidleg i opphaldet for kartlegging og tilrettelegging av bustad• Det kan bli aktuelt å dele rom med anna pasient
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none">• Telefonutgifter og avisabonnement• Frisør• Fotpleie• Andre velværebehandlingar• Klede• Hygieneprodukt utover det institusjonen tilbyr• Privat tannlege og fastlegetimar• Briller og høyreapparat
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Skal opptre på ein respektfull måte• Skal legge til rette for at tenestemottakar får pleie og omsorg som støttar opp under eigenomsorg og eigne ressursar
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Opptrer på ein respektfull måte overfor tilsette og medpasientar• Gjere seg kjend med innhaldet i vedtaket• Utfører sjølv det han/ho meistrar av eigenomsorg og daglege aktivitetar• Sørge for at private kle er merka med namn



	<ul style="list-style-type: none">• Private eigendelar kan takast med på eige ansvar (det anbefalast ikkje å ta med større pengebeløp eller verdisaker)• Om tenestemottakar nyttar multidose eller spesiell type medisin oppfordrar vi til å ta dette med.
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



2.11 Kreftkoordinator

Type teneste	Kreftkoordinator
Lovgrunnlag	Tenesta er ikkje heimla i lov.
Rett til klage	Ikkje krav om enkeltvedtak og difor ingen formell rett til å klage.
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetilbod 252: kreftsjukepleie
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling
Mål for tenesta	Koordinatoren er med på å sikre trygg og heilskapleg omsorg i kommunen.
Kriteria for tildeling	Kreftkoordinator er eit lågterskeltilbod der pasient eller andre kan ta kontakt i alle fasar av sjukdomsutviklinga. Tilboden gjeld både pasient, pårørende, helsepersonell og andre aktuelle.
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">Kreftkoordinator kan tilby hjelp og støtte til kreftramma og deira pårørendeKreftkoordinator kan vere bindeledd mellom fastlege, spesialisthelsetenesta og kommunen samt formidle kontakt mellom dei ulike kommunale tenesteneKreftkoordinator kan svare på faglege spørsmål, gje rettleiing og samtalar, og bidra til trygg og heilskapleg omsorg i heimkommunenKreftkoordinator kan vere ein støttespelar for born og unge som er ramma av kreft eller som er pårørende til kreftsjukeKreftkoordinator er ikkje ei døgnbemannna tenesteKreftkoordinator erstattar ikkje andre tenester, som til dømes heimeteneste, praktisk bistand eller støttekontakt
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">Viser respekt for den enkelte brukar og familieBidreg til å utforme tenesta i samråd med tenestemottakar og ut frå individuelle vurderingarGjev beskjed så snart som råd om avtalar må endrastBidreg til at tenestemottakar og pårørende sine ønsker kring livet sine siste dagar vert avklart og imøtekomen så langt som råd erViser vidare og koplar inn andre tenester når ein ser behov for detteEr sentral i utarbeiding av palliativ plan eller hjelper medarbeidar i dette arbeidet
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">Er til stades/møter opp ved avtala heimebesøk eller møterMeld frå snarast ved eventuelle endringar kring avtaleOpptrer respektfullt ovanfor tenesteytar
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



2.12 Langtidsopphald i institusjon

Type teneste	Langtidsopphald i institusjon
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2, første ledd punkt 6 bokstav c Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 bokstav a Lokal forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskild tilrettelagd for heildøgnstenester.
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 21: langtidsopphald i institusjon.
Kostnad	Det er krav om eigenbetaling for langtidsopphald. Sjå forskrift om eigenbetaling for kommunale helse- og omsorgstenester
Mål for tenesta	Yte pleie og omsorg til tenestemottakarar som har eit omfattande og døgnkontinuerleg hjelpebehov som ikkje kan dekkjast på forsvarleg måte i eigen heim.
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none">Personar med fysisk, psykisk eller sosialt funksjonstap med behov for tilsyn/omsorg heile døgnet. Tiltak og tenester i heimen skal vere prøvd og/eller vurdert, utan å gje tilfredsstillande kompensasjon for funksjonstapet før tildeling.
Praktiske opplysninger	<ul style="list-style-type: none">Langtidsopphald i sjukeheim inneber:<ul style="list-style-type: none">døgnkontinuerleg pleie- og omsorgstilbod som ikkje er tidsavgrensaregelmessig tilsyn av lege og etter behovkontakt med spesialisthelseteneste og tannhelseteneste etter behovtilbod om ergo- og fysioterapeutteneste etter behovEigenbetalinga dekkjer kost, losji, medisinar med meir og helsetenester som kommunen organiserer etter helse- og omsorgstenestelova § 3-1Kommunen dekkjer eigenandel ved timeavtalar i helseføretaket og eventuell transport til og fråTenestemottakar kan bli flytta til anna omsorgsnivå eller til anna avdeling dersom helsetilstanden endrar seg og det vert vurdert som naudsynt og hensiktmessig.Rommet kan møblerast i samråd med institusjonen, det må vere god plass til hjelpemiddel og forflytning og i tillegg vere mogleg med godt reinhald.Tenestemottakar som har rett til langtidsopphald i institusjon eller bustad med heildøgens pleie- og omsorgsteneste kan bli sett på venteliste dersom det ikkje er plass (sjå Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2 bokstav a)Dersom pårørande ønsker å ta tenestemottakar heim for ei kortare periode og det er behov for helsetenester i form av hjelp til personleg hygiene og medisinsk



	oppfølging utover det familien sjølv klarer, må det utarbeidast ein avtale god tid i førevegen
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	Kostnadar/utgifter som ikkje inngår i eigenbetalinga: <ul style="list-style-type: none">• Telefonutgifter og avisabonnement• Frisør• Fotpleie• Andre velværebehandlingar• Klede• Hygieneprodukt utover det institusjonen tilbyr• Privat tannlege og fastlegetimar• Briller og høyreapparat
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Opptrer på ein respektfull måte overfor tenestemottakar og pårørande• Gi hjelp til eigenomsorg i samsvar med tenestemottakar sine eigne ressursar samt legg til rette for å oppnå optimalt funksjonsnivå
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Gi naudsynte opplysningar i samband med berekning av eigenbetaling.• Tenestemottakar, pårørande eller verje meldar flytting til folkeregisteret, posten med meir.• Er sjølv ansvarleg for personlege verdisaker og egedelar• Private egedelar er ikkje forsikra av kommunen• Sørger for å merke private klede med namn• Utfører sjølv det han/ho meistrar• Pårørande skal som hovudregel følgje til kontrolltimar på sjukehus og tannlege eller liknande• Tenestemottakar og pårørande forstår at vedtaket kan bli endra ved betring av funksjon, og der behov for heildøgns pleie og omsorg ikkje lenger er til stades.
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



2.13 Matombering/fullkost

Type teneste	Matombering/fullkost
Lovgrunnlag	Matombering kan tildelast som ei serviceteneste, eller i enkelte høve som helseteneste, jf. Lov om helse- og omsorgstjenester § 3-2 første ledd punkt 6 bokstav a Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 andre ledd
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 5: matombering
Kostnad	Det er krav om eigenbetaling per middag.
Mål for tenesta	Matombering skal medverke til at heimebuande som ikke er i stand til å lage middag sjølv, får tilstrekkeleg ernæring slik at dei kan bu heime lengst mogleg.
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none">Eldre og personar med nedsett funksjonsnivå som ikke greier å lage middag sjølvHeimebuande som ikke er i stand til å ta i vare ernæringsbehovet sitt på grunn av fysisk, psykisk eller sosial funksjonsnedsettingTenestemottakar må forplikte seg til faste leveringsdagar
Praktiske opplysninger	<ul style="list-style-type: none">Tenestemottakar får levert mat ut i frå behov, til dømes medisinsk dokumentert diett eller findelt mat ved tannhelseproblem (medisinske behov)Kvar middag er porsjonspakka og vert levert varm frå kjøkenet ved sjukeheimenFaktura vert sendt ut etterskotsvis kvar månadDet vert fakturert for middag som ikke er avbestilt innan klokka 12.00 dagen førTenestemottakar får utdelt vekemeny for komande veke
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">Middag vert levert i samsvar med vedtak, og i følge forskrift om næringsmiddelhygiene § 13 kapitel V
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaketGi beskjed om behov for eventuell diettMå varsle kjøkenet per telefon eller digital innbyggjardialog (Helsenorge) seinast klokka 12 dagen før om du ikke kan ta i mot middag på avtalt dagMå vere til stades ved levering eller ha gjort eigen avtale med kjøken/matkøyrarBehov for endring på utleveringsdagar må avklarast med kjøkenet
Merknad	Ved manglande betaling vil tilbodet bli avslutta. Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



2.14 Omsorgsstønad

Type teneste	Omsorgsstønad
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse og omsorgstjenester § 3-6 Lov om pasient- og brukerettigheter § 2-1 bokstav a.
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerettigheter § 7-2 Rundskriv I-42/98 Omsorgslønn.
IPLOS-registrering	Ja IPLOS-tenestetype 11: omsorgsstønad
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none">Omsorgsstønad er eit pårørandestøttetiltak som skal bidra til gode rammer for privat omsorg og gjere det mogleg for private omsorgsytarar å halde fram med omsorgsarbeidetOmsorgsstønad er meint å vere ein økonomisk kompensasjon for det omsorgsarbeidet den private omsorgsytaren gjer og kan gis i kombinasjon med, eller i staden for, andre helse- og omsorgstenester.
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none">Vilkåra er at:<ul style="list-style-type: none">omsorgsarbeidet er naudsyntdet naudsynte omsorgsarbeidet er vurdert til å vere «særleg tyngjande»både omsorgsmottakar og omsorgsytar ynskjer at omsorgsarbeidet skal halde framMoment som vert teke omsyn til i vurderinga om omsorgsarbeidet er særleg tyngjande:<ul style="list-style-type: none">omfanget av arbeidetfysisk og/eller psykisk belastningvarighet, fordeling over tid og når på døgnetomsorgsytar si livs-, arbeids- og familiesituasjonomsorgspliktinntektstap er ikkje eit vilkår for å få omsorgsstønadFor at omsorgsstønad skal tildelast, må både kommunen og den som har behov for tenesta vurdere omsorgsytar si omsorgsevne som mest tenleg og nødvendigDet må vere søkt om hjelpestønad frå NAVOmsorgsstønad skal vurderast opp mot andre tenester og tiltak
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">Både omsorgsytar og omsorgsmottakar kan søkje på tenestaOmsorgsstønad vert gjeve for ei tidsavgrensa periode og vert revurdert ved behov/endra omsorgssituasjonOmsorgsstønaden tek ikkje sikte på å godtgjere den som yt omsorg time for time, men er ein kompensasjon for meirarbeidet som vert gjortOmsorgsstønad er skattepliktig inntektTimesats for omsorgsstønad er lik begynnarløn for assistenter, jf. HSU-sak 0012/01



	<ul style="list-style-type: none">• Avtale om omsorgsstønad gjev ikkje rett til feriepengar eller løn under sjukdom• Hjelpestønad frå NAV og andre tiltak kjem i fråtrekk ved utmåling av omsorgsstønad• Kommunen kan etter motteke søknad på omsorgsstønad krevje at omsorgsmottakar søker om hjelpestønad frå NAV før søknaden vert handsama• Omsorgsstønaden vert stoppa og det vert sendt skriftleg varsel når behovet til omsorgsmottakar fell bort
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Vedtak og avtale om omsorgsstønad vert revurdert innan fristen som er satt for dette.
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Gi nødvendig informasjon og samtykke til å innhente relevante opplysningar for vurdering og tildeling av teneste• Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket• Pliktar å melde frå til einingsleiar eller sakshandsamar dersom:<ul style="list-style-type: none">◦ omsorgsmottakar oppheld seg i institusjon med heildøgns omsorg eller sjukehus i meir enn to veker. Omsorgsstønaden vert då mellombels stoppa◦ det oppstår endringar i omsorgsarbeidet som ligg til grunn for tildelt omsorgsstønad◦ situasjonen til omsorgsytar endrar seg og det oppstår endringar som medfører avbrot i omsorgsarbeidet
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon



2.15 Personleg assistanse

2.15.1 Praktisk bistand - daglege gjeremål (heimehjelp)

Type teneste	Praktisk bistand daglege gjeremål (heimehjelp)
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2 første ledd punkt 6 bokstav b. Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 bokstav a
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 1: praktisk bistand – daglege gjeremål
Kostnad	Det er krav om eigenbetaling etter gjeldande sats. Årleg revidering av satsane, jf. statlege satsar og kommunestyrevedtak.
Mål for tenesta	Praktisk bistand er for personar som har behov for hjelp til daglege gjeremål, til dømes husarbeid. Personar med nedsett funksjonsevne får nødvendig hjelp slik at dei skal kunne bu heime lengst mogleg.
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none">Nyttar familie, nettverk, frivillige lag og organisasjoner så langt det er mogleg før det blir søkt om bistand.Søkjar må grunna sjukdom, nedsett helse eller funksjonsnedsetting ha behov for hjelp til å ivareta nødvendig stell av eigen bustadDet vert vurdert om andre i husstanden kan utføre husarbeidet
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">Heimen må vere i ein slik stand at tenesteutøvar kan utføre arbeidet. Dersom bustaden er særskilt krevst at det blir gjennomført rundvask før kommunal hjelp blir sett inn. Dette må kvar enkelt søkjar sørge for sjølvNaudsynt og funksjonelt utstyr til vask og reingjering må vere tilgjengelegTenesta vert utført på kvardagar og i samsvar med vedtaket (vanlegvis 1-2 timer annan kvar veke eller 2 timer kvar fjerde veke)Heimehjelp vert ikkje utført på helg og høgtidsdagarDet vil være redusert tilbod under ferieavvikling på sommarenTenesta inkluderer hjelp etter behov til:<ul style="list-style-type: none">o vanleg reinhald av rom som dagleg er i bruk; støvtørk, golvvask, støvsuging og vask av bad/toalett. Reinhaldet vert berre utført på flater som er lett tilgjengelego innvendig reinhald av kjøleskap og mikrobølgeomno skifte av sengekleo sette inn, starte og tømme oppvaskmaskino vask av kle i vaskemaskin og hjelpe til å henge opp



Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none">• Risting av mange eller store/tunge golvtepper• Storreingjering og vask av vindauge (må ordnast privat)• Rydding og reingjering av rom som ikkje er dagleg i bruk• Førebuing til besøk eller opprydding/oppvask etter gjester• Reingjering av trappar, gangar eller andre fellesareal i burettslag eller blokker• Brøyting• Hjelp til dyrehald• Flytting• Handling av daglegvarer
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Held lovfesta teieplikt• Opptrer på ein respektfull måte i brukar sin heim som fremjar godt samarbeid og god kommunikasjon• Følge krav til HMS-reglar i heimen, til dømes ikkje å bruke stige/krakk for å reingjere i område over «skulderhøgde»• Gje tenestemottakar beskjed i rimeleg tid dersom avtalar vert utsett eller avlyst• Tenesteytar gjer ei fortløpende vurdering av hjelpebehov og vedtaket kan bli endra i takt med dette
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Har utstyrt det er behov for, t.d. godkjent vaskemiddel, klutar, mopp, støvsugar og liknande• Har flytande såpe og tørkerull tilgjengeleg for personalet til å utføre handhygiene• Bidreg sjølv så langt det er råd ut frå funksjonsevne• Tenestemottakar eller pårørande er til stades når arbeidet vert utført med mindre anna er avtalt• Gje tenesteytar beskjed snarast råd om du ikkje kan ta i mot hjelpa, seinast dagen før kl. 12. Dersom beskjed ikkje vert gitt må du likevel betale for planlagt oppdrag• Samarbeide dersom behov for hjelpemiddel i heimen for å ta i vare fysisk arbeidsmiljø til tenesteytar• Heimen til tenestemottakar er tenesteytar sin arbeidsplass. Det er difor viktig at:<ul style="list-style-type: none">◦ Tenestemottakar og tenesteytar har gjensidig respekt for kvarandre◦ Heimen er godt lufta dersom du røyker, og at det ikkje vert røykt når det vert ytt tenester◦ Husdyr er ute av bustaden eller i andre rom når tenesta vert ytt◦ Tenestemottakar respekterer at tenesteytar har teieplikt• Dersom tilhøva i bustaden er av slik karakter at det utgjer helsemessig risiko for personalet kan kommunen krevje at tenestemottakar sørger for opprettande tiltak (grundig opprydding og/eller nedvask) før praktisk bistand vert sett inn. Døme kan vere smittenedvask utført av profesjonelle



	<ul style="list-style-type: none">• På vinterstid er det tenestemottakar sitt ansvar at det er brøyta og strødd fram til inngangen av huset slik at tenesteytar kjem fram
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon



2.15.2 Praktisk bistand - opplæring; daglege gjeremål (målretta miljøarbeid)

Type teneste	Praktisk bistand – opplæring daglege gjeremål
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse– og omsorgstjenester § 3-2 første ledd punkt 6 bokstav b Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 bokstav a
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 2: praktisk bistand – opplæring daglege gjeremål.
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	At tenestemottakar med dette tenestetilbodet i stor grad skal kunne meistre daglege gjeremål og halde ved like funksjonar og/eller tileigne seg ny kunnskap med opplæring og tilrettelegging.
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none">Dersom tenestemottakar har behov for tilrettelegging eller opplæring i dagleglivets gjeremål kan vedkomande få innvilga praktisk bistand opplæring, her også målretta miljøarbeidTenesta er for personar som treng opplæring, rettleiing eller tilrettelegging i å ivareta dei daglege gjeremåla eller som treng hjelp med å organisere kvardagen sin
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">Praktisk bistand opplæring kan tildelast som målretta miljøarbeid. Dette er ein metode for å gjere tenestemottakar i stand til, med sine eigne ressursar, å ivareta daglege aktivitetar og trenne på å bli betre i stand til å ivareta dette sjølvOmfang, formål og tidsavgrensing vert presisert i vedtaketDet vert i løpet av vedtaksperioden vurdert om tenestemottakar sitt behov for bistand står i stil med tildelte timer
Oppgåver som tenesta ikke inkluderer	<ul style="list-style-type: none">Praktisk bistand til gjeremål som tenestemottakar ikke tek del i sjølv eller trenar på å meistre sjølv.
Forventningiar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">Opptrer på ein respektfull måte i brukar sin heimGir beskjed i rimeleg tid dersom avtalar vert utsett eller avlystGjer ei fortløpende vurdering av hjelpebehov og vedtaket vert endra i takt med dette
Forventningiar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">Tek aktivt del i utføringa av gjeremåla som skal gjerast.
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon



2.15.3 Praktisk bistand - brukarstyrt personleg assistanse (BPA)

Type teneste	Brukarstyrt personleg assistent (BPA)
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav b og § 3-8 Pasient- og brukerrettighetsloven §§ 2-1 bokstav a og 2-1 bokstav d
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 3: brukarstyrt personleg assistent
Kostnad	<ul style="list-style-type: none">Eigenbetaling for tenesta BPA følgjer reglane i «forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester»Det blir berekna eigenbetaling for den delen av tenesta som omhandlar praktisk bistand som ikkje er til personleg stell og eigenomsorgSatsen blir fastsett årleg av kommunestyret og blir rekna ut individuelt på bakgrunn av den samla årlege inntekta i hushaldet
Mål for tenesta	Tenesta skal ta utgangspunkt i ressursane til den enkelte og bidra til å gjere vedkommande mest mogleg sjølvhjelpt kring eigenomsorg og dagleglivets gjeremål.
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none">Søkjær må vere under 67 årSøkjær må ha eit hjelpebehov på minst 32 timer per veke og ha eit stort og langvarig (meir enn 2 år) behov for hjelp.Personar med tenestebehov på minst 25 timer per veke kan ha rett til å få tenestene sine vurdert organisert som BPA, med mindre kommunen kan dokumentere at slik organisering vil medføre vesentleg auka kostnad for kommunen.Funksjonssvikt og hjelpebehov må vere av ei slik art at det er mest hensiktsmessig å organisere tenesta som BPA og ikkje meir tradisjonelle tenester som t.d. praktisk bistand og støttekontaktTenestemottakar evner å ivareta arbeidsleiarrolla. Alternativt ha ein person som kan fungere som medarbeidsleiar
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">BPA er ei alternativ organisering av praktisk og personleg hjelpe for menneske med funksjonsnedsetting, med stort og langvarig behov for bistand i dagleglivetEnkle helsetenester kan leggast inn i BPA, men tid til helsetenester skal ikkje takast med i utrekninga om søker har rett på å få tenestene organisert som BPA eller ikkjeBPA byggjer på prinsippet om brukarstyring



	<ul style="list-style-type: none">• Vedtaket kan bli forlenga om det vert fatta før fylte 67 år• Arbeidsgjevaransvaret i BPA-ordninga kan takast i vare av ekstern tenesteleverandør godkjent av Hareid kommune. Tenestemottakar må sjølv velje kva leverandør vedkomande vil ha til å drifta ordninga ut frå dei leverandørar kommunen har avtale med• Kommunen har det overordna ansvar for internkontroll av BPA-ordninga t.d. når det gjeld kvaliteten på tenesteytinga, fagleg forsvarlegheit og arbeidstilhøva til assistentane. Kontrollen skal gjennomførast årleg og varslast skriftleg på førehand
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none">• Tenester som krev fleire enn ein tenesteytar til stades, eller nattenester, med mindre brukaren kontinuerleg har behov for slike tenester• Hjelp i høve skule og arbeid• Personar som får tildelt teneste må vere i stand til å ta arbeidsleiarollen eller ha ein nærtstående person som kan vere medarbeidsleiar• Retten gjeld så lenge tenestemottakar oppheld seg i kommunen
Forventningar til tenesteytar	Rutine for årleg kontroll og oppfølging av BPA til tenestemottakar, arbeidsleiar og leverandør <ul style="list-style-type: none">• Gi tenestemottakar nødvendig informasjon og bistand til å skaffe seg BPA frå ønska leverandør godkjent i Hareid kommune etter at vedtak er fatta
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Inngår skriftleg kontrakt med Hareid kommune og leverandør• Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket• Disponerer tildelte timer etter vedtak og lova sitt føremål• Heimen er tilrettelagt for at assistenten får eit godt arbeidsmiljø og eventuelt tek initiativ til, eller tek i mot hjelp til utbetring av bustad• Gi kommunen tilstrekkeleg innsikt i BPA-ordninga for å kunne kontrollere at tenestetilbodet er fagleg forsvarleg og at leverandør følger gjeldande lovverk
Merknad	<ul style="list-style-type: none">• Nærståande familie (foreldre og sysken) tilsetjast ikkje i BPA, dette for å sikre naudsynt profesjonell distanse. <p>Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.</p>



2.16 Rehabilitering i institusjon

Type teneste	Rehabilitering i institusjon
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2 første ledd punkt 5 og punkt 6 bokstav c Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 bokstav a.
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 19: tidsavgrensa opphold: re-/rehabilitering
Kostnad	Det er krav om eigenbetaling for korttidsopphold i institusjon, sjå eigenbetalingsforskrifta.
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none">Gje tilbod om rehabilitering til tenestemottakarar som har fått nedsett funksjonsevne som følge av sjukdom eller skadeTverrfagleg samarbeid med tenestemottakar i sentrum der denne sine mål er avgjerande for tenesteytingaTenestemottakar skal oppleve meistring og myndiggjerast til å ta del i eiga rehabilitering og overføre dette til andre aktivitetar i sin kvar dagRehabilitering i institusjon vert nytta i ein avgrensa periode med formål om å sete tenestemottakar i stand til å gjenvinne eller betre funksjonsnivå og evne til eigenomsorgTenestemottakar skal kunne reise heim etter avslutta rehabiliteringsopp hold
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none">Det må føreligge eit potensiale for rehabiliteringTenestemottakar har eit rehabiliteringsbehov som fortrinnsvis ikkje krev spesialisert rehabilitering (lite til moderat behov for oppfølging)For å ha rett på rehabilitering i institusjon må tenestemottakar ha behov for tverrfagleg rehabilitering og behovet må vere slik at tenestene ikkje praktisk kan ytast i tenestemottakar sin heimTenestemottakar må vere motivert eller kunne motiverast for rehabilitering og må vere i stand til å yte eigeninnsats og brukarmedverknad i rehabiliteringsprosessenTenestemottakar må vere tilstrekkeleg medisinsk utgreia
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">Tidsavgrensa opphold – rehabilitering er tverrfagleg tilnærming med fokus på fysisk, psykisk og sosial meistring og funksjonsauke innan dei arenaer tenestemottakar oppheld seg mest. Dette inkluderer kartlegging og tilrettelegging av omgjevnadar



	<ul style="list-style-type: none">• Tenestemottakar må ha med seg nødvendig personleg utstyr og hjelpermiddel (dersom eininga ikkje har slike hjelpermiddel tilgjengeleg)• Tenestemottakar er ansvarleg for transport til/frå rehabiliteringsoppholdet• Dersom tenestemottakar er avhengig av å reise med drosje til/frå oppholdet kan det bestillast transport via pasientreiser. Helsepersonell kan hjelpe til å bestille
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Optre på ein respektfull måte• Samarbeider med tenestemottakar om målsetting for oppholdet• Legg til rette for at tenestemottakar gjennom målretta tverrfagleg samarbeid får nytta og trenere opp eigne ressursar slik at dei kan reise heim til eigen bustad etter oppholdet• Sjukeheimslege vurderer tenestemottakar ved innkomst, og gjev oppfølging og tilsyn etter behov under oppholdet
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Formidlar gjennom målsettingsarbeidet kva som er viktig for han/ho å oppnå under oppholdet• Utfører sjølv det han/ho meistrar, både saman med personalet og på eige initiativ• Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket• Sørger for at private klede er merka med namn
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



2.17 Psykisk helse og rus

Type teneste	Psykisk helse og rus
Lovgrunnlag	Lov om helse- og omsorgstjenester § 3-3 Lov om pasient og brukerrettigheter § 2-1 bokstav a
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 250: psykisk helse og rus
Kostnad	Det er ikke krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none">Møte søkerjars behov for tidleg innsats for å unngå utvikling av alvorlegare helseutfordringarBidra til å førebyggje, behandle og leggje til rette for meistring av sjukdom ved mild, moderat og alvorleg helseutfordring.Ta utgangspunkt i ressursane til den enkelte og bidra til at søker har oppleverte vinn tilbake størst mogleg grad av eigenmeistringOpplæring i og vedlikehald av ADL-ferdigheiterTenesta skal bidra til tryggleik i den livssituasjonen søker er i.
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none">Tenestemottakar har utfordringar knytt til psykisk helse og/eller rusTenestemottakar er i krisje eller i sorgTenestemottakar er pårørande til nokon med psykisk helse og/eller rusutfordringar
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">Tenesta er avgrensa til tre månadar. Etter tre månadar gjer tenesta ny vurdering om forlenging eller avslutning.Tenestemottakar får tenesta ved tilvising frå lege, spesialisthelsetenesta, helsestasjon, skulehelsetenesta eller ved å ta direkte kontakt med tenesta. Bruk helst kommunen sitt søknadsskjemaInnhaldet i tenesta kan til dømes vere:<ul style="list-style-type: none">Førebyggande arbeidKoordinering av tenester og eventuelt utarbeiding av individuell planKartleggingsarbeidNettverksbyggingStøttesamtalar og endringsarbeidStrukturering av kvardagenAktiviseringInnsøking til rusbehandling og tilvising til andre instansarOppfølging av gravide rusmisbrukararTvangstiltak overfor rusmiddelavhengige



	<ul style="list-style-type: none">○ Økonomisk rettleiing○ Tverrfagleg samarbeid med Nav kring IPS○ Utlevering av brukarutstyr etter individuelle avtalar
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none">• Vekking og transport til skule og/eller arbeid.• Praktisk bistand (utan opplæring)
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Opptrer respektfullt overfor tenestemottakar• Tilbyr fast kontaktperson så langt det let seg gjere• Kontakt innan tre veker etter mottatt søknad• Individuell oppfølging, jamfør enkeltvedtaket• At tenesta tenkjer familie og nettverk• At tenesta held avtalar
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Nyter familie, nettverk, frivillige lag og organisasjoner så langt det er mogleg før det blir søkt om bistand• Har eit eigendefinert ønske om hjelp• Held avtalar• Utfører oppgåver som ein vert samd om i behandlinga• Gjev beskjed i god tid dersom du vert hindra i å møte
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



2.18 Støttekontakt

Type teneste	Støttekontakt
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjeneste § 3-2 første ledd punkt 6 bokstav b Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 bokstav a
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS tenestetype 9: støttekontakt
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling. Tenestemottakar må sjølv dekke utgifter for aktivitetar saman med støttekontakt. Til dømes mat på kafé, kontingent på treningsstudio.
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none">• Støttekontaktordninga har som målsetting å bryte isolasjon og auke sosialt samvær og deltaking i ulike sosiale, kulturelle eller fysiske aktivitetar• Tenesta skal medverke til å auke tenestemottakar si oppleving av livskvalitet gjennom samvær med andre og bidra til ei meiningsfull fritid
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none">• Som hovudregel skal søker vere fylt 10 år• Det er ein føresetnad at søker har prøvd ulike fritids- og aktivitetstilbod i frivillige lag og organisasjoner• Søker har behov for hjelp og støtte til å meistre ulike fritidsaktivitetar, eller har lite sosialt nettverk og behov for bistand for å ha sosial kontakt med andre• Bebuar i omsorgsbustad med heildøgns bemanning /institusjonsopphold er ikkje i målgruppa for tildeling av støttekontakt.
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">• Det vert ikkje stilt formelle kvalifikasjonskrav til støttekontaktar og ordninga skal difor ikkje nyttast til å dekke krevjande omsorgsbehov• Det kan vere vanskeleg å rekruttere støttekontaktar• Tenestemottakar kan kome med forslag til personar som kan vere støttekontakt for seg• Det blir som hovudregel tildelt 1-3 timer per vake• Det blir gitt eit tidsavgrensa vedtak for inntil eitt år om gongen. Tenesta vert revurdert kvart år i januar, der den kan bli vidareført eller avslutta.• Tenesta kan givast som avlastning til omsorgspersonar• Samvær mellom søker og støttekontakt avtalast direkte mellom desse.• Individuelle timer kan normalt disponerast fritt innanfor kvar månad• Tildelte timer kan ikkje overførast til neste månad• Nære familiemedlemmar skal ikkje vere støttekontakt• Tenesta har nulltoleranse for rus, vald og trugslar



	<ul style="list-style-type: none">• Støttekontakt må levere politiattest, og har teieplikt• Det er ikkje krav om at støttekontakt skal ha fagkompetanse, førarkort og bil• Støttekontakt får eit fast beløp til utgiftsdekning kvar månad frå kommunen, i tråd med arbeidsavtalen.• Ved innlegging i spesialisthelsetenesta eller korttidsopphald i institusjon vil tenesta mellombels falle bort• Ved vedtak om heildøgns omsorg blir tenesta som hovudregel avslutta• Støttekontakt skal levere rapport på gjennomførte aktivitetar månadleg
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none">• Det vert ikkje ytt støttekontakt til følgjande aktivitetar:<ul style="list-style-type: none">◦ hjelp til lekser◦ praktisk bistand i heimen
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Opptrer respektfullt i møte med tenestemottakar• Gir teneste i tråd med vedtak og kontrakt• Gjev melding til tenestemottakar om ein ikkje kan møte til avtalen
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Nyttar familie, nettverk, frivillige lag og organisasjoner så langt det er mogleg før det blir søkt om tenesta• Opptrer respektfullt i møte med støttekontakt• Dekke eventuelle utgifter som til dømes drivstoff og billettutgifter og evt. også dekke billett for støttekontakt (det er mogleg å søkje om følgjepersonbevis som gir følgjar gratis tilgang til dei fleste arrangement)• Tek aktivt del i tiltaket• Gjev melding til støttekontakt i god tid når ein ikkje kan møte til avtaler.
Merknad	<ul style="list-style-type: none">• Nasjonale og kommunale retningslinjer følgjast ved pandemi/epidemi <p>Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.</p>



2.19 Tryggleiksalarm

Type teneste	Tryggleiksalarm
Lovgrunnlag	Tenesta kan ytast som eit førebyggjande og tryggleiksskapande tiltak, eller den kan ytast som helsehjelp etter: Lov om helse og omsorgstenester § 3-2 første ledd punkt 6 bokstav b Lov om pasient- og brukarrettigheter § 2-1 bokstav a
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 6: tryggleiksalarm
Kostnad	Eigenandel etter fastsett pris per månad når alarm er innvilga som eit servicetilbod.
Mål for tenesta	Tryggleiksalarm skal bidra til auka tryggleik for tenestemottakar og bidra til vedkomande kan bu lengst mogleg i eigen heim eller omsorgsbustad.
Kriteria for tildeling	Heimebuande eldre og personar med funksjonsnedsetting kan bli tildelt tryggleiksalarm ut frå desse kriteria: <ul style="list-style-type: none">○ Tenestemottakar kjenner seg utsynlig pga. sjukdom eller funksjonsnedsetting○ Tenestemottakar har behov for å tilkalle hjelpepersonale pga. sjukdom og funksjonsnedsetting○ Tenestemottakar forstår bruken av alarmen og meistrar å bruke alarmknappen
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">• Før du får installert alarm i heimen må du installere nøkkelskåp ved inngangsdøra/elektronisk dørlås• Tryggleiksalarm er ei ordning der du kan komme i kontakt med heimetenesta i ein akutt eller alvorleg situasjon ved behov for hjelpepersonale• Tenesta består av ein alarmboks, ein alarmknapp og alarmtenesta frå heimetenesta• Kommunen er ikkje erstatningspliktig i tilfelle der heimetenesta må kontakte andre instansar for å ta seg inn i bustaden.• Tapt eller øydelagd utstyr må erstattast.
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Alarm vil bli montert så snart vi har kapasitet etter at søknad er innvilga• Gi rettleiing og opplæring• Tek raskt kontakt via alarmboks eller telefon når tenestemottakar utløyer alarmen.• Rykker raskt ut til heimen dersom det ikkje oppnåast kontakt• Dersom pårørande/naboar tek del i varslingskjeda vil tenesteytar ta kontakt med pårørande/nabo når alarmen er utløyst og be vedkommande ta kontakt



Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Må montere nøkkelboks ved inngangsdøra/elektronisk dørlås før tenesta kan starte• Må bære alarmknappen heile døgnet anten i halssnor eller rundt handleddet• Alarmen vert berre nytta ved akutte eller alvorlege situasjonar, til dømes ved fall, skade eller sjukdom• Erstattar alarmknappen/alarmboksen om den vert mista eller øydelagd. Det vil i desse tilfella bli sendt faktura frå kommunen.
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



2.20 Velferdsteknologi

Type teneste	Velferdsteknologi
Lovgrunnlag	Tenesta kan ytast som eit førebyggande og tryggleiksskapande tiltak (serviceteneste) eller den kan ytast som helsehjelp etter Lov om helse og omsorgstenester § 3-2 første ledd punkt 6 bokstav b og Lov om pasient og brukarrettigheter § 2-1 bokstav a
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.
IPLOS-registrering	IPLOS-tenestetype 26: varslings- og lokaliseringsteknologi. Rapportering til IPLOS er avgrensa til GPS.
Kostnad	Kostnad etter fastsett pris per månad når tenesta er innvilga som serviceteneste. Når tenesta er heimla i lov vert det ikkje teke eigenbetaling.
Mål for tenesta	Velferdsteknologi skal bidra til auka tryggleik, sjølvstende, meistring og/eller rørslefridom for pasient/brukar og bidra til at tenestemottakar kan bu lengst mogleg i eigen heim.
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none">Ikkje kan nytte allment tilgjengeleg helse-/meistringsteknologi og hjelpemidlarHar behov for helse-/meistringsteknologi og hjelpemidlar utover det som er allment tilgjengelegeSjukdom, lyte eller anna som gjer det nødvendig med teknologisk støtteTiltaket gjev pasient/brukar minst ein av følgjande:<ul style="list-style-type: none">auka tryggleikførebygging av skade/ulykkehøve til å bu lenger i eigen heimmeir sjølvstende og meistringmeir sosial kontaktauka tryggleik for pårørandemeir rørslefridom utan at brukar utset seg for risiko ut over det normaleFor lokaliseringsteknologi (GPS) til heimebuande må brukaren ha pårørande som varslingsmottakarFor lokaliseringsteknologi (GPS) må pasient/brukar ha tilstrekkeleg trafikkforståing til å kunne ferdast i dei aktuelle omgjevnadane på eiga handNokre teknologiske løysingar vil vere ein del av bygningskonseptet i bustad eller institusjon, eller ein del av tilbodet i ei teneste. Vi legg til grunn eit samtykke når de vel å takke ja til ei teneste der velferdsteknologi inngår. Dette gjeld til dømes medisindispensar i heimenestene og digitale tilsyn ved enkelte heildøgnstilbod
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">Velferdsteknologitilbodet består av:<ul style="list-style-type: none">tryggleiksalarm (sjå eiga side)passiv varslingpasientvarslingsanleggmedisindispensarardigitale tilsyn



	<ul style="list-style-type: none">○ lokaliseringsteknologi (GPS)● Passiv varsling består av sensorar som sender varsling via tryggleksalarm, pasientvarslingsanlegg eller teknologi for digitalt tilsyn. Det er ikkje pasienten/brukaren som utløyer alarmen bevisst, men teknologien som detekterer fare/hendingar og varslar automatisk. Døme på passiv varsling er:<ul style="list-style-type: none">○ dørsensor○ rørslesensor○ varslingsmatte til seng/stol○ ute-av-seng-varsle○ fallsensor● Passiv varsling i eigen heim kan krevje at ein har teneste tryggleksalarm i tillegg ettersom mange av sensorane koplast til ein tryggleksalarm● Lokaliseringsteknologi (GPS) nytter GPS-teknologi og mobilnett. Produkta har også alarmfunksjon som utløysast automatisk eller som brukar utløyer sjølv, og dei har to-vegs talefunksjon. Kan brukast for å varsle om at pasientar med demens forsvinn frå institusjonsområdet eller heimen. Teknologien vert nytta til å lokalisere dei og lede dei heim att. Heimebuande må ha pårørande som varslingsmottakar● Elektroniske medisindispensarar disponerast av heimebaserte tenestene● Digitale tilsyn er i bruk på enkelte einingar i institusjon og omsorgsbustader. Det kan også bli tatt i bruk i private heimar og bustader for funksjonshemma● Personvern og minimalt av logging/lagring av særskilte personopplysningar
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">● Teknologien vert montert så snart vi har kapasitet etter at behovet er avdekt og nødvendig kartlegging og tilpassing er utført● Gi rettleiing og opplæring● Når alarmar vert utløyst vil aktuell teneste følge opp varselet og handtere situasjonen ut frå gjeldande prosedyrar● Feilretting etter gjeldande prosedyrar
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">● Skaffar sjølv og tek i bruk helse-/meistringsteknologi og hjelpemiddel som er allment tilgjengeleg● Lærer seg å bruke nødvendig helse-/meistringsteknologi og hjelpemidlar● Aksepterer bruk av nødvendig helse-/meistringsteknologi og hjelpemiddel for å få helse- og omsorgstenester i heimen● Sørger for forsvarleg bruk, enkelt vedlikehald og oppbevaring av helse-/meistringsteknologi og hjelpemidlar lånt av kommunen● Opptrer respektfullt i møte med tenesteytar● Gi melding til heimetenesta ved langvarig fråvær frå eigen bustad● Utstyret vert behandla forsvarleg



Merknad	<ul style="list-style-type: none">• Søkjar er ansvarleg for rett bruk, oppbevaring og vedlikehald av hjelphemidla. Dersom ikkje kan kommunen retta økonomisk erstatningskrav mot søker• Det kan søkjast om varig utlån av hjelphemiddel frå NAV, Hjelphemiddelsentralen i Møre og Romsdal. Sjå informasjon om hjelphemiddel frå NAV på www.nav.no/hjelphemidler• Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.
----------------	---



2.21 KAD (kommunalt akutt døgnopphald)

Type teneste	KAD (kommunalt akutt døgnopphald)
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-5 tredje ledd. Ved tildeling av kommunal augeblikkeleg hjelp døgnplass gjeld ikkje lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker sine regler om enkeltvedtak, jf. Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-7 første ledd.
Rett til klage	Nei.
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 25: KAD – Kommunalt akutt døgnopphald
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	Gje tilbod om akutt-/strakshjelp på institusjonsnivå når det er vurdert av lege som fagleg uforsvarleg at vidare hjelp vert gitt i heimen. Det er også vurdert at det ikkje er naudsynt med sjukehusinnlegging.
Kriteria for tildeling	<ul style="list-style-type: none">Tenestemottakar skal vere vurdert av lege og ha ein avklart medisinsk situasjon.Ved innlegging på KAD skal lege ha utarbeidd eit innleggingsnotat jfr. gjeldande interkommunal orientering om bruk av KAD-plass.Opphaldet kan vere inntil tre døgn, men kan verte omgjort til betalingsopphald tidlegare dersom det er heilt klart at tenestemottakar ikkje kan reise heim etter avslutta opphald.
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">Fastlege, legevakslege og lege i akuttmottak kan legge inn pasientar på KAD-plass etter å ha konferert og gjort avtale med KAD-ansvarleg sjukepleiarTenesta er døgnopphald for tenestemottakar som har behov for akutt-/strakshjelpTenestemottakar er ansvarleg for transport til og frå KADPasient eller pårørande tek med seg medisinar og medisinskutstyr som brukaren er avhengig av under opphaldet.Dersom tenestemottakar er avhengig av å reise med drosje til/frå opphaldet, kan ein bestille transport via Pasientreiser og betale eigenandel
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none">Transport til/frå opphaldetKAD skal ikkje erstatte ei naudsynt sjukehusinnlegging
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">Opptrer på ein respektfull måteFølger opp plan frå innleggande lege, eventuelt ber om naudsynte opplysningarLegg til rette for at tenestemottakar under opphaldet får pleie og omsorg som stettar opp under eigenomsorg og eigne ressursar
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.